



Andrea Marcella Waage
Rognsvågen 4
5947 Fedje

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/15 - 23/4470

Saksbehandlar:
Kristin Handeland
kristin.handeland@fedje.kommune.no

Dato:
29.08.2023

Svar på tillegg søknad om flytting av skjenkeløyve for eit enkelthøve

Administrativt vedtak. Saknr: 037/23

Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 29.08.2023.

I administrativt vedtak saknr. 030/23 frå 26.07.2023, fekk Fedje Island As løyve til å flytta skjenkeløyvet frå Landsbykafeen til delar av uteområdet ved Fab. nr.8 som ligg i Kremmarholmen 48. Løyvet er gitt for eit arrangement 02.09.2023.

Fedje Island As har i deg sendt inn søknad om utviding av skjenkeområdet ved Fab.nr. 8 den 02.09.2023. Det har i dag vore samtalar mellom dagleg leiar Otto Andre Nordby i Fedje Island As. Bakgrunnen for søknad om utvida skjenkeområde er at det vert eit meir oversiktleg skjenkeområde for både gjestar og dei som er på jobb. Om området vert litt utvida vil det vera enklare for dei som er på jobb å ha oversikt over området det vert skjenka i.

Fedje Island As har sendt inn oversikt over korleis dei har tenkt vakthaldet på arrangementet.

Etter ei samla vurdering og synfaring på området det er søkt om utviding av skjenkeløyve for, vert det innvilga utviding av skjenkeområdet på administrativt løyve gitt 26.07.2023 saknr. 030/23.

Løyvet vil gjelda på framsida av bygget, der det er lagt trevirke, skjenkeområdet vil stoppa med inngang til det som var Bjellands Cafe på framsida av bygget.

Vedtak

Fedje Island As får utvida skjenkeområdet gitt i administrativ vedtak saknr. 030/23. Grunngevinga for vedtaket er at ein vil få eit meir oversiktleg skjenkeområde både for gjestar og dei som er på jobb. Nytt skjenkeområde vert som omtalt i saka, og som kjem fram av bilete som ligg ved.

Med helsing

Kristin Handeland
Leiar fellestenester/kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20230829_152105

Mottakarar:

Andrea Marcella Waage	Rognsvågen 4	5947	Fedje
Fedje Island As	Stormarkvegen 4	5947	Fedje
Otto-Andre Nordby	Flundrevågsvegen	5947	Fedje
	15		